

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/1691-3

## **Forvaltningsrevisjon - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - Prosjektplan**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Prosjektplan - forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjend som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 1. september 2016.

### Vedlegg:

- Prosjektplan – Kulturminneforvaltning – Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Bestilling – Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok revidert plan for forvaltningsrevisjon 11.06.2014 i FT-sak 4/14. I planen var forvaltningsrevisjon av kulturminnevern prioritert som prosjekt nr. 8. Prosjekt nr. 7, forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper, vart utsett i kontrollutvalsmøte 26. januar på grunn av pågåande politisk prosess.

Kontrollutvalet vedtok 26. januar i KU-sak 6/16 å gje kontrollutvalsleiar og kontrollsjef fullmakt til å bestille forvaltningsrevisjon av kulturminnevern slik at utvalet kunne få ein prosjektplan til handsaming i møte 3. mars. Kontrollsjefen hadde i arbeidet med bestillinga kontakt med kulturavdelinga for å få innspel til prosjektet. Det kom, i samtale med fylkesdirektør for kultur og fylkeskonservator, fram forslag om å endre prosjektet frå kulturminnevern til kulturminneforvaltning for å få ei litt breiare tilnærming til temaet.

Bestilling av forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga vart sendt Deloitte 11. februar. Prosjektplan mottok sekretariatet 23. februar.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Revisor har i prosjektplanen gått gjennom føremål og problemstillingar i bestillinga og gjort endringar ved omstrukturering og operasjonisering av problemstillingane. Prosjektplanen er trass desse endringane i store trekk i samsvar med bestillinga. Det vart i bestillinga breidt om at

prosjektet skal ferdigstillast innan 1. september 2016, noko revisor stadfester i prosjektplanen. Revisor tek atterhald om at dei får nødvendig dokumentasjon til rimeleg tid i tillegg til at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer intervjureferat innan fastsette fristar. Prosjektet er i prosjektplanen stipulert til å kunne gjennomførast innanfor ei ramme på 365 timar.

Stipulert timetal reflekterer bruk av fleire metodeteknikkar, intervju, stikkprøvegjennomgang og elektronisk spørjeundersøking etter at dokumentanalyse er gjennomført.

### **3. Konklusjon**

Endring og operasjonisering av problemstillingane medfører ikkje endring av prosjektet sitt formål. Endringane er gjort for å kunne få eit best mogeleg resultat ut av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Prosjektplanen vert vurdert som eit dokument som er i samsvar med bestillinga, og at den gjev eit godt grunnlag for å få gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga på ein god måte.